

## BYGGASSISTENTEN RISØY

Solåsen 2 H  
5223 NESTTUN  
Tlf.: (+47) 411 08 254  
e-mail: byggassistenten.risoy@gmail.com

**Lindås kommune**  
Byggjesaksavdelinga  
Kvernhusmyrane 20

**5914 ISDALSTØ**

SAK NR.: Nesttun, den 24.09.2019

**VEDK.: RISØYVEGEN 109, G/Bnr. 81/3.  
VEDLEGG TIL SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE  
OG INNLEGG AV VATN.**

På vegner av eigarane av G/Bnr. 81/3, Gro og Leif Terje Fønnes, søker ein med dette om følgjande:

1. Løyve til utslepp av privat avløpsvatn frå hytta på eigedomen, og om tilkopling av vassleidning.

Etter avtale med eigar av G/Bnr. 81/1 og G/Bnr. 81/2 er det planlagt at vassforsyninga til hytta skal koplast til vassleidningen som forsyner uthus og våningshus på garden (G/Bnr 81/1 og 2), og som dessutan forsyner eigedomen 81/46. Tenkt tilkoplingspunkt og trasé går fram av vedlagt kart. (Vedlegg D1)

Leidningen fram til gardshusa er kopla til den leidningen som forsyner hyttefeltet nord på Risøyna. Denne kjem frå offentleg (kommunalt) anlegg på fastlandet. Hyttelaga har fått orientering om at ein søker om slik tilkopling. G/Bnr. 81/46 er og knytt til den same vassleidningen. Ein har difor sendt nabovarsel til eigaren, jamvel om han formelt sett ikkje er nabo til G/Bnr. 81/3. Han har ingen merknader til at G/Bnr 81/3 får vassforsyning frå denne leidningen.

Ein tek sikte på å nytta eit minireinseanlegg som Biovac type FD5MG, eller tilsvarande, der utstyr og styringsanlegg vert å montera i eit eige, frostsikkert apparatrom.

Avløp frå reinseanlegget vert å føra ned til bekken på sør-vest-sida av hytta. Denne bekken fører all avrenning frå etter måten store område gjødsla mark innanfor/ovanfor hytta, og renn ut i sjøen like nedanfor. Trase for avløpet er og vist på kartet. Det er vanskeleg å tru noko anna enn at den ureininga som måtte koma frå hytte-avløpet vil vera bortimot neglisjerbar i høve til den ureininga som kjem frå anna hald her.

2. Dersom det vert gjeve løyve i samsvar med pkt 1. ovanfor, søker ein og om å få byggja eit separat apparatrom for reinseanlegget. Då det ikkje er kjellar i hytta, ville det høva svært godt å byggja eit slikt rom tett på sør-vest sida av hytta, der det er eit søkk i terrenget. Frå sjøen eller frå område utanfor G/Bnr. 81/3 vil dette tiltaket berre vera synleg innanfor to svært avgrensa sektorar mot sør-sørvest og sør-søraust. Desse sektorane er viste på vedlegg D1.

## BYGGASSISTENTEN RISØY

Solåsen 2 H

5223 NESTTUN

Tlf.: (+47) 411 08 254

e-mail: byggassistenten.risoy@gmail.com

3. Dersom det vert gjeve løyve i samsvar med pkt. 1 og 2 ovanfor, søker ein med dette om å få utvida terrassen utanfor hytta. Det ville då vera lett å «gøyma bort» apparatrommet under terrassen. Både apparatrommet og beresøylar og anna «understell» for terrassen kan ein kle inn med sprinkelverk av eit eller anna slag, (evt. vanleg ytterkledning), frå underkant av terrassen til terrenget. Dersom ein byggjer det på denne måten, vil tiltaka på eigedomen stå fram som ei samla eining. Dette vil gje eit mykje meir ryddig inntrykk enn om ein skulle byggja eit eige hus for reinseanlegget. Vedlagde fasadeteikningar/snitt viser korleis .

På grunn av at denne hytta ligg nærare sjøen enn 100 m, søker ein og om dispensasjon frå reglane i Plan- og bygningsloven § 1-8, som set forbod mot tiltak i 100-meters-beltet langs sjøen.

→ I utgangspunktet ligg eigedomen G/Bnr 81/3 i eit LNF-område, men då eigedomen vart utskild frå G/Bnr 81/2, vart det fastsett at den fråskilde parsellen berre kunne nyttast til byggetomt. Dette er tinglyst den 29. oktober 1945. Kopi av skylddelingsdokumentet er vedlagt. Ein skulle tru at ein slik tinglyst klausul ville innebera at eigedomen kjem inn under PBL §11-7, Arealformål 5b, «areal for spreidd bolig-, fritids- eller næringsbebyggelse».

Det er og freistande å nemna at dei som etter kvart kjem til å overta denne eigedomen er to brør som no er i 20-åra. Dei har teke til å planta nye epletre på det same området der tipp-oldefaren deira planta sin eplehage for om lag 100 år sidan. Dei trea er borte, men no vert det rydda slik at den nye eplehagen vonleg kan verta til like stor glede som den gamle var fram til for om lag 40 år sidan. Kanskje dette kan vera med på å omdefinera eigedomen frå: «Kan bare benyttes til byggetomt» slik det står i skylddelingsdokumentet, til «fruktgard»? I så fall trengst det mykje vatn, til og med på Vestlandet! Og då nyttar det lite å dra med seg vatn i kanner frå Bergen.

Dersom det likevel skulle vera naudsynt med dispensasjon frå reglar om tiltak i LNF-område, søker ein med dette om slik dispensasjon.

Ein reknar med at dei to «sekundære» tiltaka som ein søker om her (pkt. 2 og 3 ovanfor), kjem inn under PBL § 20-4, «Søknadspliktige tiltak som kan forestås av tiltakshaver».

Med venleg helsing



**BYGGASSISTENTEN RISØY**